

# LEVERING AV ASBESTHALDIG MATERIALE



## BRUK AV ASBEST ER FORBODE

Å puste inn fiber og støv frå asbest er helseskadelig. Asbest i lungene kan føre til kreft og andre sjukdommar. Grunna helsefare er bruk og handtering av asbest forbode gjennom norsk lovverk. Det er i lovverket opna for handtering i samband med renovere og avfallshandtering, men berre under særskilte vilkår. Det er difor reglar for levering av asbesthaldig materiale til avfallsmottak.

Alt som inneheld asbest er farleg avfall, og skal leverast i samsvar med retningslinjene som følgjer.

## PAKKING

Asbesthaldig materiale må vere pakka slik at ingen kan kome i kontakt med asbestfiber. Innpakkinga må vere god nok til at den framleis er tett etter at avfallet har vore lagra, handtert og transportert.

### PLATER

Asbestholdig materiale førekjem ofte i form av plater. Desse pakkast på følgjande måte:

Det leggst ut to lag med tjukk plast (t.d. dampsperre) på ein palle av god kvalitet.

Ein stablar platene på pallen.

Eventuelle spikrar eller andre kvasse objekt som kan rive hol i emballasjen skal bøyast bort eller særskilt beskyttast.

Plasten brettast rundt platene

Alle skøyter og brettar skal vere teipa med sterk teip, slik at pakken er heilt tett.

### ANDRE ASBESTHALDIGE PRODUKT

Om materialet ikkje let seg stable på pall er det mogleg å pakke det på anna måte.

Kravet er uansett at pakkinga må vere slik at ingen kan kome i kontakt med asbestfiber.

Det finst spesialutvikla storsekker til å pakke asbest i. Desse er tydeleg merka med asbest.

Det er mogleg å pakke asbest i ibc (palletank).

Esker/bokser som det så vert pakka to lag plast rundt.

## MERKING

### FRÅ PRIVATE

Merk pallen med namn på den som har levert, telefonnummer, adresse og dato.

---

## FRÅ NÆRINGSLIV

Merk pallen med namn på bedrifta samt deklarasjonsnummer og dato. Farleg avfall frå næringsliv må vere deklarerert før levering, og deklarasjonsskjema må følgje med avfallet når det kjem til gjenbruksstasjonen. Om verksemda di ikkje er kjent med regelverket for farleg avfall frå næringslivet kan du ta kontakt med oss for rettleiing eller sjå: [www.avfallsdeklarerer.no](http://www.avfallsdeklarerer.no)

## KVA KOSTAR DET Å LEVERE?

---

### FRÅ PRIVATE

Avfallsforskriften (§ 11-10) fastslår at privathushalda kan levere inntil 1 000 kg med farleg avfall pr. år. Kostnaden knytt til handtering av dette vert dekkja gjennom renovasjonsgebyret. Vilåret for slik levering er at asbesten kjem frå eigen bustad/fritidsbustad, vert transportert av kunden sjølv, og at ein er abonnent hos Nomil. Om ein leverer meir enn 1 000 kg pr. år, må ein betale for dei kilo som er over den årlege kvoten ein kan levere.

---

### FRÅ NÆRINGSLIV

Alle kostnader knytt til handtering, transport og behandling av farleg avfall frå næringsliv skal dekkast av avfallsprodusenten. Asbestavfall som oppstår når ein næringsdrivande utfører bygge- eller renoveringsarbeid er å rekne som næringsavfall. På same måten er asbesten å rekne som næringsavfall om ei bedrift tek på seg å transportere asbesten.

## KVA SKJER OM ASBEST IKKJE ER FORSVARLEG PAKKA?

I tilfelle der kunde ikkje har pakka asbest forsvarleg og etter retningslinjene, skal operatør på gjenbruksstasjonen avvise avfallet, og rettleie kunden i korleis ein skal pakke.

I tilfelle der dårleg pakking fører til at asbest må pakkast om, må kunde vere førebudd på å dekke ekstrakostnadane Nomil har.

## KVAR FINN EIN ASBEST?

Asbest finst i omlag 5 000 produkt, som i hovudsak kjem frå bygg og anlegg. Til dømes: tak- og veggplater (eternitt, asbestolux, pernit, m.fl), isolering, lim, avrettingsmasse, vindauge, lister/pakningar, branntepper.

## OM DU SJØLV SKAL PAKKE ASBEST

Kontakt med asbestfiber er helsefarleg. Det skal mellom anna nyttast andedrettsvern for å beskytte lungene. Vidare bør ein bruke tette eingongsdressar og hanskar.

## KONTAKTINFORMASJON

Nordfjord miljøverk iks, Eidsmona 36, 6823 Sandane

E-post: [post@nomil.no](mailto:post@nomil.no)

Telefon: 57 00 94 00

Meir informasjon: [www.nomil.no](http://www.nomil.no)